

NSF-Innlegg

Budsjetthøyring den 06.12.2021

Takk for dette høve til utale oss.

Det manglar 7000 sjukepleiar i Norge i dag. Dette talet er aukande. Dette problemet rammar også Fitjar kommune allereie. Det må takast grep for å behalde og rekruttere sjukepleiarar i framtida. Denne rekkjefølgja er vesentleg pri 1 behalde og pri 2 rekruttere nye. Den formelle og uformelle kompetansen sjukepleiarane som allereie er tilsett i kommunen er ein viktig ressurs som må vernast.

Det er ein stor verdi for fitjarsamfunnet å få tenester som er gode, både i kvalitet og mengd, når dei trengjer det. Det er viktig å ha i tankane at dette kan kven som helst få trong for før me anar.

Forventningane til sjukepleiarane er omfattande. I kommunehelsetenesta kan ein ikkje kva som krevst «rundt neste sving» Ei melding frå sjukehuset eller frå slitne pårørande kan gjere at kompetansen må tas i bruk. Utfordringar står i kø for dei som skal utføre tenesta og ikkje minst for leiarane deira.

24 timar i døgnet 7 dagar i veka og 352 dagar i året, må det vere sjukepleiarar på vakt. I tillegg må det finnast vikarar ved sjukdom. Dersom grunnbemanninga er for låg vert det fort sårbart.

Det er på Fitjar Bu og behandlingssenter det er mest kritisk, og særskild somatisk avdeling. Her er det fortida berre 4 sjukepleiarar i turnus. For å få turnusen til å gå i saman på helg, må det vere 6. Når 4 blir til 2,5 p.g.a. sjukemelding mm vert det lett kritisk. Spesielt kritisk vert det i helgar og feriar. Det er ein utfordring å gjere noko med dette p.g.a. at sjølve bemanninga med hovud og hender er nokolunde der den bør vere.

Ha i tankane når budsjett skal vedtakast:

1. BEHALDE
2. KOMPETANSE
3. NOK SJUKEPLEIAR PÅ JOBB
4. REKRUTTER

Tenk over:

Kven vil du skal ta vare på foreldra dine?

Kven vil du at skal ta vare på deg når du vert sjuk?

Kven vil du at skal ta vare på borna dine?

Mvh Kjetil Eldøy

HTV i NSF FITJAR KOMMUNE